



Arkivnr: 2015/6236-6
Saksbehandlar: Sunniva Schultze-Florey

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Opplærings- og helseutvalet		10.11.2015
Fylkesutvalet		18.11.2015

Høyring NOU 2015:8 Fremtidens skole - Fornyelse av fag og kompetanser

Samandrag

Kunnskapsdepartementet har sendt NOU 2015:8 *Fremtidens skole – Fornyelse av fag og kompetanser* på høyring. Høyringsfristen er 15.10.2015. Fylkesdirektør opplæring har sendt førebels høyringssvar i tråd med saksframlegget, med atterhald om endringar etter politisk handsaming.

Forslag til innstilling

Hordaland fylkeskommune sluttar seg til dei overordna tilrådingane i NOU 2015:8, med dei merknadene som går fram av saksframlegget.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

[NOU 2015:8 Fremtidens skole - fornyelse av fag og kompetanser](#)

Fylkesrådmannen, 02.10.2015

Bakgrunn

Kunnskapsdepartementet har sendt NOU 2015:8 *Fremtidens skole – Fornyelse av fag og kompetanser* på høring. Høyringsfristen er 15.10.2015. Ludvigsen-utvalet, leia av professor Sten Ludvigsen, vart satt ned i juni 2013.

Mandatet til Ludvigsen-utvalet er:

«Formålet med utvalget er å vurdere grunnopplæringens fag [1] opp mot krav til kompetanse i et framtidig samfunns- og arbeidsliv.

Utvalget skal levere en delinnstilling innen 1. september 2014 som presenterer et kunnskapsgrunnlag og en analyse av:

- *den historiske utviklingen i grunnopplæringens fag [1] over tid,*
- *grunnopplæringens fag i forhold til land det er naturlig å sammenlikne oss med, herunder sammensetning, gruppering og innhold og*
- *utredninger og anbefalinger fra nasjonale og internasjonale aktører knyttet til framtidige krav til kompetanse, som har relevans for grunnopplæringen.*

Utvalget skal levere en hovedinnstilling innen 15. juni 2015 med vurdering av:

- *i hvilken grad dagens faglige innhold dekker de kompetanser og de grunnleggende ferdigheter som utvalget vurderer at elevene vil trenge i et framtidig samfunns- og arbeidsliv,*
- *hvilke endringer som bør gjøres dersom disse kompetansene og ferdighetene i større grad bør prege innholdet i opplæringen,*
- *om dagens fagstruktur fortsatt bør ligge til grunn, eller om innholdet i opplæringen bør struktureres på andre måter og*
- *om innholdet i formålsparagrafen for grunnopplæringen i tilstrekkelig grad reflekteres i opplæringens faglige innhold.*

Minst ett av utvalgets forslag til endringer skal kunne realiseres innenfor dagens ressursrammer.

En forutsetning for utvalgets arbeid er at den gjeldende formålsparagrafen for grunnopplæringen opprettholdes. Forslagene skal legge til grunn at elevene ved utgangen av grunnskolen fortsatt skal kunne velge mellom alle utdanningsprogrammer i videregående opplæring. Utvalget skal ikke foreslå en konkret fag- og timefordeling.

Utvalget skal selv vurdere behovet for å engasjere ytterligere ekspertise i arbeidet, og legge til rette for at representanter fra relevante organisasjoner og fagmiljøer kan legge fram sine synspunkter og problemstillinger. Dette kan for eksempel gjøres gjennom en referansegruppe. Utvalget skal ta opp spørsmål om tolking eller avgrensing av mandatet med Kunnskapsdepartementet. Departementet sørger for sekretariat for utvalget.

[1] Begrenset her til alle fag i grunnskolen og fellesfagene i videregående opplæring (norsk, matematikk, naturfag, engelsk, samfunnsfag og kroppsøving).»

Utvalet kom med ei delutgreiing hausten 2014, [NOU 2014:7 Elevenes læring i fremtidens skole – et kunnskapsgrunnlag](#). I denne legg utvalet fram kunnskapsgrunnlaget for hovudutgreiinga og ein kort analyse av den historiske utviklinga av dagens skulefag i grunnopplæringa. Delutgreiinga inneheld også ei samanlikning med situasjonen i nokre andre land. I tillegg vert det presentert utgreiingar og anbefalingar frå eit breitt utval internasjonale aktørar knytt til framtidige krav til kompetanse med relevans for grunnopplæringa.

Høringsgrunnlaget

Kunnskapsdepartementet omtalar høyringsgrunnlaget slik:

«I tråd med mandatet har utvalget vurdert hvilke kompetanser elevene vil trenge i fremtiden.

Utvalget anbefaler at det som en videreutvikling av Kunnskapsløftet settes i gang en prosess med å fornye innholdet i fagene. Utvalget anbefaler at et bredt kompetansebegrep og fire kompetanseområder legges til grunn for innholdet fagene.

Utvalgets anbefalinger er strukturert i fire følgende områder:

1. **Kompetanser i fremtidens skole**

1. *Følgende fire kompetanseområder bør prioriteres i fremtidens skole:*

1. *fagspesifikk kompetanse (beskrevet under fagfornyelse)*
2. *å kunne lære (metakognisjon og selvregulert læring)*
3. *å kunne kommunisere, samhandle og delta (lese-, skrive- og muntlig kompetanse, samhandling, deltakelse og demokratisk kompetanse)*
4. *å kunne utforske og skape (kreativitet, innovasjon, kritisk tenking og problemløsning)*

2. *Dagens grunnleggende ferdigheter reformuleres*

1. *Regning er del av matematisk kompetanse og inkluderes i de fagene der det er relevant*
2. *Digital kompetanse integreres i de andre fagovergrepene i tillegg til at den i sterkere grad enn i dag knyttes til fagspesifikt innhold i fagene.*
3. *Lesing og skriving defineres som kompetanser sammen med muntlig kompetanse og integreres i alle fag*

2. **Fagfornyelse og læreplanmodell**

1. *Fag som organiserende prinsipp videreføres i skolen.*

2. *For å få et bedre grunnlag for sammenheng i læreplanverket, starter fagfornyelsen i fagområdene:*

1. *matematikk, naturfag og teknologi*
2. *språk*
3. *samfunnsfag og etikkfag*
4. *praktiske og estetiske fag*

3. *Fagenes sentrale metoder, tenkemåter, begreper og sammenhenger prioriteres for å legge bedre til rette for dybdelæring i fagene.*

4. *Innenfor fagområdene foreslås fleksibilitet i fag- og timefordelingen.*

5. *Andre fremmedspråk introduseres på barnetrinnet. Prioriteres for å legge bedre til rette for dybdelæring i fagene.*

6. *Fagfornyelsen inkluderer at flerfaglige temaer som det flerkulturelle samfunnet, folkehelse og livsmestring, samt utfordringer knyttet til bærekraftig utvikling, tas opp i læreplaner for flere fag på en systematisk måte.*

7. *Fellesfagene i videregående opplæring fornyes etter samme prinsipper som fagene i grunnskolen og bygger videre på elevenes oppnådde kompetanse fra grunnskolen. Det utarbeides læreplaner i fellesfagene som kan virke sammen med programfagene for bedre læring for elevene.*

8. *Det utvikles et rammeverk for fagovergrepene som verktøy i læreplanutviklingen for å sikre en felles forståelse og en systematisk integrering.*

9. *Det legges vekt på god sammenheng mellom læreplanene og veiledningsressurser til læreplanene, og at disse utvikles parallelt.*

• **Undervisning og vurdering**

1. *Det utvikles en plan for kompetanseutvikling som legger vekt på de fire kompetanseområdene og fornyede læreplaner.*

2. *Det iverksettes et utviklingsarbeid for lærernes standpunktvurdering i tråd med innholdet i fornyelsen av fagene.*

3. *Det nedsettes et ekspertutvalg for å se på eksamensordningen.*

- **Implementering**
 1. *Det utvikles en overordnet strategi for innføring av fornyet innhold i skolen som beskriver aktørene på nasjonalt, regionalt og lokalt nivå, og hva som forventes av dem, samt en fremdriftsplan som viser de ulike fasene og virkemidlene i implementeringsarbeidet.*
 2. *Det gjøres en gjennomgang av kvalitetsvurderingssystemet for å vurdere hvilke områder det er behov for å videreutvikle, herunder verktøy for å vurdere elevenes læring og støtte til skolebaserte vurderingsprosesser.*
- **Andre innspill som ikke er dekket av stikkordene over»**

Del 1 Kompetansar i framtidens skule

Utvalet meiner at elevane i framtidens skule vil ha trong for å utvikle både fagspesifikke kompetansar og kompetansar som er viktige i mange fag, som å kunne lære, kommunisere, samarbeide, delta, utforske og skape. Oppgåver og utfordringar elevane vil møte, krev at dei utviklar tenking, praktiske ferdigheiter og sosial og emosjonell kompetanse i eit samspel.

Utvalet tilrår derfor fire kompetanseområde som sentrale i framtidens skulefag. Kompetanseområda vert sett som viktige for elevane sjølv, for samfunnet og for arbeidslivet framover. Utvalet meiner at elevane bør utvikle fagspesifikke og tverrfaglege kompetansar gjennom å arbeide med dei ulike faga i skulen. Dersom kompetanseområda dannar utgangspunkt for å fornye faga, vil det bidra til ein betre samanheng mellom formålsparagrafen og det faglege innhaldet enn i dag.

Utvalet kjem med følgjande tilrådingar:

«1.1 Det legges et bredt kompetansebegrep til grunn for fremtidens skolefag. Kompetanse betyr at elevene skal kunne mestre utfordringer og løse oppgaver i ulike sammenhenger, og omfatter både kognitiv, praktisk, sosial og emosjonell læring og utvikling, inkludert holdninger, verdier og etiske vurderinger. Sosiale og emosjonelle kompetanser integreres i fagene som del av de anbefalte kompetanseområdene.

1.2 Følgende kompetanseområder legges til grunn for en fremtidig fornyelse av fagene i skolen:

- fagspesifikk kompetanse
- kompetanse i å lære
- kompetanse i å kommunisere, samhandle og delta
- kompetanse i å utforske og skape

1.3 Kompetanse utvikles gjennom arbeid i fagene. I en fremtidig fagfornyelsesprosess synliggjøres de fire kompetanseområdene i alle fagområdene i skolen.

1.4 Følgende kompetanser knyttes til kompetanseområdene:

- fagspesifikk kompetanse i matematikk, naturfag og teknologi, språk, samfunnsfag og etikkfag og praktiske og estetiske fag,
- metakognisjon og selvregulert læring (å kunne lære),
- lese-, skrive- og muntlig kompetanse, samhandling, deltakelse og demokratisk kompetanse (å kunne kommunisere, samhandle og delta) og
- kreativitet, innovasjon, kritisk tenkning og problemløsning (å kunne utforske og skape).

1.5 Dagens grunnleggende ferdigheter i lesing, skriving og muntlighet reformuleres som kompetanser. Regning betegnes som matematisk kompetanse. Digitale ferdigheter knyttes i sterkere grad enn i dag til fagspesifikk kompetanse i fagene, i tillegg til at digital kompetanse integreres i andre fagovergripende kompetanser.»

Fylkesrådmannen si tilråding

Fylkesrådmannen sluttar seg til dette. Å lære elevane å lære er noko av det viktigaste vi som samfunn kan lære våre ungdommar. Vi lever i eit kunnskapssamfunn, og mengda kunnskap aukar i raskt tempo, og kunnskap som var aktuell og oppdatert, vil i nokre fag raskt kunne verte utdatert. For at ungdommane våre skal vere godt rusta til å leve i eit slikt dynamisk utviklande kunnskapssamfunn, er det avgjerande å utruste

dei med gode føresetnader for å lære og å tilpasse seg. Fylkesrådmannen finn at skildringa av kompetanse-omgrepet og strategien for å lære elevane å lære er god og eigna til å oppnå føremålet.

Del 2 Fagfornyng og læreplanmodell

Utvalet meiner at innhaldet i skulefaga må fornyast for å møte framtidig trong for kompetanse i arbeids- og samfunnslivet, og for å leggje betre til rette for forståing og læring som elevane kan nytte seinare i livet. Utvalet meiner dei viktigaste omsyna når faga skal fornyast, er at dei fire kompetanseområda i kapittel 2 er grunnlag for prioriteringar og val.

Utvalet syner til forskning som har funne at elevane si utvikling av forståing *tek tid*. Dette reiser spørsmålet om kor mange fagområde det er realistisk at skulefaga skal vere samansett av for at elevane skal få moglegheit til å utvikle varig forståing i løpet av eit gitt opplæringsløp. For at læreplanane skal vere gode styringsdokument og arbeidsreiskapar for lærarkollegia, bør innhaldet vere knytt til sentrale byggesteinar i faga, det vil seie dei sentrale metodane, tenkjemåtane, omgrepa og samanhengane i faget som elevane treng å lære for å utvikle ein kompetanse som gjer at dei får til å nytte det dei har lært.

Vidare tilrår utvalet at fagfornyng startar i fagområda i skulen, og ikkje i det einskilde fag. Det inneber at dei ulike faga i kvart fagområde må sjåast i samheng når kompetansane skal gjerast synlege. Ei skjerp vekt på sentrale byggesteinar i faga i kvart fagområde vil kunne løyse opp noko av stofftrengselen i skulen. Utvalet tilrår eit sett med prinsipp for fornyng av faga i skulen. Føremålet er å leggje premissar for at framtidig val av kompetansar i faga vert gjort på ein systematisk og kunnskapsbasert måte.

Utvalet kjem med følgjande tilråding:

«2.1 Fremtidig fornyelse av fagene i skolen følger prinsippene

- *forutsetninger for læring*
- *pedagogisk, didaktisk og fagdidaktisk forskning*
- *relevante fag og kompetanser for fremtiden*
- *horisontal og vertikal sammenheng i læreplanverket*
- *bredden i skolens formålsparagraf*

2.2 De fire kompetanseområdene er retningsgivende for prioriteringer i fagfornyelsen og synliggjøres i alle fagområdene: fagspesifikk kompetanse, kompetanse i å lære, kompetanse i å kommunisere, samhandle og delta og kompetanse i å utforske og skape.

2.3 Fagfornyelsen begynner i fagområdene i skolen, og ikke i det enkelte fag.

2.4. Fagfornyelsen skal legge vekt på et tett samvirke mellom læringspsykologien og fagdidaktikken, og legge til rette for dybdelæring i fagene.

2.5 Det utarbeides prinsipper for å styrke de vertikale og de horisontale sammenhengene i læreplaner for fag, blant annet for å tydeliggjøre forventet progresjon i elevenes faglige læring.

2.6 Matematisk kompetanse tydeliggjøres i fag der det å kunne anvende matematikk er en viktig del av kompetansen i faget, og matematisk kompetanse styrkes spesielt i naturfagene og samfunnsfagene.

2.7 Andre fremmedspråk introduseres på barnetrinnet.

2.8 Fagfornyelsen inkluderer at flerfaglige temaer som det flerkulturelle samfunnet, folkehelse og livsmestring, samt utfordringer knyttet til bærekraftig utvikling, tas opp i læreplaner for flere fag på en systematisk måte.

2.9 Fellesfagene i videregående opplæring fornyes etter samme prinsipper som fagene i grunnskolen og bygger videre på elevenes oppnådde kompetanse fra grunnskolen. For å oppnå en sterkere relevans i

fellesfagene, særlig på yrkesfaglige utdanningsprogrammer, anbefales i tillegg at det utarbeides læreplaner i fellesfagene som er innrettet mot de ulike utdanningsprogrammene, og som kan virke sammen med programfagene for bedre læring for elevene.»

Fylkesrådmannen si tilråding

Fylkesrådmannen sluttar seg til utvalet sine tilrådingar. Fagfornyninga verkar gjennomtenkt og føremålstenleg. Det er fornuftig å skifte fokus frå den tidlegare hovudfokuseringa på fagspesifikk kompetanse, til ei meir likeverdig fokusering både på fagspesifikk kompetanse, kompetanse i å lære, kompetanse i å kommunisere, kompetanse i å samarbeide og delta og kompetanse i å utforske og skape. Fylkesrådmannen finn det positivt at fleirfaglege tema vert tekne opp i læreplanverket. Vi lever i eit fleirkulturelt samfunn, og det er viktig at dette vert synleggjort gjennom læreplanverket. Miljøet og berekraft er ei av vår tids store utfordringar, og det er viktig at dette gjennomsyrrer både skule og samfunn. Å innføre andre framandspråk på barnetrinnet verkar fornuftig, men det må gjerast på ein måte som er tilpassa borna si utvikling. Vidare er det bra at ein gjennom fleirfagleg fokus ser på samanhengen mellom faga og heilskapen i det elevane lærer.

Del 3 Undervisning og vurdering

For å leggje til rette for elevane si utvikling av kompetansane for framtida må undervisninga byggje på forskings- og erfaringsbasert kunnskap og vere tilpassa det elevane treng å lære. Lærarane må leggje til rette for elevane lærer i djupna, har progresjon og ei aktiv rolle i undervisninga. Sterke profesjonsfelleskap på skulane er ein føresetnad for å vidareutvikle undervisninga slik at ho støttar opp om det elevane skal lære i fornya fag. Det er trong for ei langsiktig satsing på kompetanseutvikling med vekt på lærarane si planlegging, gjennomføring og vurdering av undervisninga i dei ulike faga. Undervegsvurdering er ein integrert del av ein undervisningspraksis i faga som fremmar læring, og bør prioriterast i kompetanseutviklinga. I ei langsiktig satsing på kompetanseutvikling har nasjonale myndigheiter, lærarutdanningane, lærarprofesjonen, skuleeigarane og skuleleiarane ulikt ansvar, men dei må arbeide mot felles mål.

Standpunktvurdering og eksamen må utviklast vidare slik at dei til saman gjev påliteleg og relevant informasjon om den kompetansen elevane skal utvikle i fornya fag. Utvalet meiner at standpunktvurderinga til læraren er eigna til å vurdere eit breiare kompetanseomgrep i faga enn i dag, og tilrår å styrkje denne ordninga. Det er utfordringar knytt til å vurdere eit breitt kompetanseomgrep, samstundes som det er naudsynt å fornye regelverk, vurderingsordningar og praksis i takt med endringar i innhaldet i skulen. Derfor bør ei framtidig fagfornyning følgjast av eit langsiktig utviklingsarbeid på vurderingsfeltet.

Utvalet kjem med følgjande tilrådingar:

«3.1 Undervisnings- og vurderingspraksis må vidareutvikles for å ivareta det fornyede innholdet i fagene, inkludert bredden i kompetansebegrepet. Dette krevjer en langsiktig satsing på utvikling av lærernes kompetanse og styrking av profesjonsfelleskapet på skolene.

3.2 Skoleeiere, skoleledere og lærere har behov for god tilgang på oppdatert forskning om læring og undervisning. Det bør blant annet utvikles forskningsbaserte oppsummeringer om god undervisnings- og vurderingspraksis i fagene for å støtte lærernes profesjonsutvikling.

3.3 Standpunktvurderingen styrkes gjennom flere tiltak. Tiltakene omfatter tydeligere felles krav til vurdering av elevenes nivå, veilednings- og støtteressurser og nasjonale tiltak rettet mot å heve kompetanse og etablere kvalitetssikringsprosesser lokalt. Det foreslås også en presisering i regelverket av krav til prosesser og kvaliteten ved standpunktvurderingen.

3.4 Dagens eksamenssystem vidareutvikles for å ivareta skolens fornyede innhold. Det nedsettes et ekspertutvalg som skal vurdere på hvilke måter dagens eksamenssystem kan vidareutvikles, og hvordan standpunktvurdering og eksamen samlet kan gi pålitelig og relevant informasjon om elevenes kompetanse. Vurdering av elevenes kompetanse på tvers av fag bør inngå i ekspertutvalgets mandat.

3.5 Det utvikles læringsstøttende prøver knyttet til fagovergrepene kompetanser eller andre områder som er felles for flere fag.»

Fylkesrådmannen si tilråding

Fylkesrådmannen sluttar seg til utvalet sitt framlegg. Framlegga til undervisning og vurdering er gode, om enn noko overordna og lite konkretisert per no. Å satse på lærarane sin kompetanse både den fagspesifikke og vurderingskompetansen i eit langsiktig perspektiv er ønskjeleg. Samarbeidet og profesjonsutviklinga i lærarkollegia som utvalet legg opp til, passar godt med Hordaland fylkeskommune si satsing på feltet. Fylkesrådmannen ønskjer ein gjennomgang av eksamenssystemet velkomen. Styrkinga av standpunkt-vurderinga er naudsynt, særleg med fokus på likehandsaming av elevane og sikring av deira rettstryggleik.

Del 4 Implementering

For å realisere utvalet sine tilrådingar om fornya innhald i skulen er det naudsynt med forankring hjå alle aktørar på alle nivå. Utvalet tek på alvor at endringar i skulen tek tid, og at det må leggjast til rette for implementering på ein måte som tek omsyn til ein kompleks struktur med ulike aktørar, kulturar og system. Dermed må det etablerast ein strategi for implementering som syner til ulike fasar og tidsaspekt i arbeidet og sørgjer for gjennomføring av parallelle prosessar. Planlegging, dialog og forankring, skulebasert kompetanseutvikling, etter- og vidareutdanning og lokalt læreplanarbeid vil vere særst viktig. Prioriterte område innanfor kompetanseutvikling bør vere arbeid med lokale læreplanar og undervisnings- og vurderingspraksis. Utvalet tilrår at nasjonale utdanningsmyndigheiter legg til rette for eit målretta og systematisk arbeid som strekkjer seg over tid, og at det vert skipa strukturar for møteplassar og dialog undervegs. Dei tilrådde tiltaka frå utvalet må følgjast opp av forskning og evaluering med utgangspunkt i lokalt utviklingsarbeid og med tanke på elevane si læring.

Utvalet kjem med følgjande tilrådingar:

«4.1 Det utvikles en overordnet strategi for innføring av fornyet innhold i skolen som beskriver aktørene på nasjonalt, regionalt og lokalt nivå, og hva som forventes av dem, samt en fremdriftsplan som viser de ulike fasene i implementeringsarbeidet.

4.2 Det utvikles en plan for kompetanseutvikling som legger vekt på de fire kompetanseområdene og fornyede læreplaner.

4.3 Kompetanseutviklingstiltakene utformes som skolebasert kompetanseutvikling og etter- og videreutdanning, og initieres og følges opp av nasjonalt nivå.

4.4 Forskningsbasert undervisningspraksis i fagene blir et prioritert område innenfor kompetanseutvikling for lærere, inkludert vurderingspraksis knyttet til undervisvurdering og sluttvurdering.

4.5 Det utformes en presisering i regelverket av skoleeierens ansvar for å tilrettelegge for kvalitet og prosesser i det lokale læreplanarbeidet.

4.6 Det gjøres en gjennomgang av kvalitetsvurderingssystemet for å vurdere hvilke områder det er behov for å videreutvikle, herunder verktøy for å vurdere elevenes læring og støtte til skolebaserte vurderingsprosesser.

4.7 Endringer i skolens innhold følges opp av forskningsbasert evaluering.»

Fylkesrådmannen si tilråding

Fylkesrådmannen er glad for at Ludvigsen-utvalet ser kor viktig det er med ein god strategi for gjennomføringa av endringane i sektoren. Det har vore fleire store reformer i utdanningssektoren dei siste 20 åra, Reform 94, LK97 og Kunnskapsløftet var dei største av desse. Det er difor ein viss reformtrøyttheit i sektoren. Utvalet peikar sjølv på at ein først ser konsekvensane av ei reform 10 år etter ho er innført.

Kunnskapsløftet kom i 2006, det er enda ikkje 10 år sidan. Fylkesrådmannen finn det viktig at sentrale utdanningsmyndigheiter har eit lenger og meir heilskapleg perspektiv på sektoren.

Del 5 Økonomiske og administrative konsekvensar

Utvalet meiner at dei administrative kostnadene for tilrettelegging, organisering og koordinering kan verte ivaretekne innanfor dagens administrative rammer. Kostnader knytt til fornying av skulens innhald, som planlegging og utvikling av nye læreplanar, rettleiings- og støtteressursar og samordning er estimert til 23 millionar kroner. I tillegg tilrår utvalet at det vert gjort ei vurdering av trong for kompensasjon for oppdatering av læremiddel, noko dei har estimert til 400 millionar kroner. Utvalet legg til grunn ei vidare satsing på vidareutdanning, som i dag har ei kostnadsramme på 1 milliard kroner per år. I tillegg tilrår utvalet ei satsing knytt til lokalt baserte kompetanseutviklingstiltak over ein femårsperiode på om lag 200 millionar kroner per år. Kostnader knytt til utvikling av kunnskapsgrunnlaget er her estimert til 72 millionar kroner. I tillegg kan det på lengre sikt vere trong for utviklingskostnader knytt til kvalitetsvurderingssystemet. Utvalet meiner at deira framlegg ikkje vil auke dei ordinære statlege eller kommunale driftsutgiftene til grunnopplæringa og kan derfor på sikt realiserast innanfor eit tilsvarande budsjett som i dag. Samtidig føreset framlegga ei forplikting over tid, særleg knytt til utvikling av rettleiings- og støtteressursar og kompetanseheving. Utvalet tilrår at tiltak knytt til fornying av skulens innhald vert prioritert innanfor rammene til kvalitetsutvikling i grunnopplæringa, og at kostnader til kompensasjon for oppdatering av læremiddel vert gjeve som særskilt tilskot.

Fylkesrådmannen si tilråding

Fylkesrådmannen er ikkje like sikker som utvalet på at gjennomføring av reforma kan realiserast innan eksisterande økonomiske rammer. Dette kjem til å koste, men det er per no uklårt kor mykje ein eventuelt vil ha i meirkostnad. Det er avhengig av kva for konkrete endringar som kjem ut av dette arbeidet i prosessen vidare.

Konklusjon

Fylkesrådmannen tilrår at Hordaland fylkeskommune sluttar seg til dei overordna tilrådingane i NOU 2015:8, med dei merknadene som går fram av saksframlegget.